

Sak S 5/23 - Budsjett og økonomiplan 2024-27

Framlegg til styrevedtak

Budsjett og økonomiplan for IKT Nordhordland Kommunalt Oppgåvefelleskap for perioden 2024-27 vert vedteke slik det går fram av saksutgreiinga. Endeleg godkjenning av budsjettet skal gjerast av representantskapet.

Saksutgreiing:

Digitalisering og innovasjon er sentralt for kommunane, både no og i åra som kjem. I IKT-samarbeidet kjem dette tydeleg fram gjennom DI, som kvart år disponerer betydelege midlar til nettopp digitalisering. Når DI har gjort sitt, og prosjekt skal over i driftsfasen, er det IKTNH som i stor grad «overtek» kostnadene.

Vidare vert informasjonssikkerheit og personvern stadig viktigare, og ressursinnsatsen på dette området vil måtta aukast monaleg, både i IKTNH og i kvar einskild deltakarkommune.

Fleire kommunar ønskjer å koma inn i IKTNH, men førebels er det ikkje gjort bindande vedtak i nokon kommune. Budsjettet må setjast opp basert på dei kommunane som faktisk er med i samarbeidet pr i dag.

Folketalsutviklinga i deltakarkommunane har verknader for den økonomiske fordelinga mellom kommunane.

Folketalsendring					Øk. fordeling iht vedteken nøkkel		
	2022	2023	Endring	Endring %	2023	2024	Endring
Alver	29 593	29 920	327	1,11 %	39,05	39,22	0,17
Aurland	1 766	1 775	9	0,51 %	4,67	4,67	0,00
Austevoll	5 283	5 297	14	0,27 %	9,02	8,99	-0,02
Austrheim	2 889	2 856	- 33	-1,15 %	6,06	6,00	-0,06
Fedje	502	513	11	2,10 %	3,11	3,12	0,01
Gulen	2 230	2 228	- 2	-0,09 %	5,25	5,23	-0,02
Masfjorden	1 629	1 654	25	1,51 %	4,50	4,52	0,02
Modalen	378	380	2	0,53 %	2,96	2,96	0,00
Osterøy	8 131	8 152	21	0,26 %	12,54	12,50	-0,04
Samnanger	2 501	2 495	- 6	-0,24 %	5,58	5,55	-0,03
Vaksdal	3 867	3 875	8	0,20 %	7,27	7,25	-0,02
	58 769	59 145	376	0,64 %	100,00	100,00	0,00

Tabellen syner at dei fleste kommunane har auke i folketalet, medan nokre få går ned i folketal.

Gjeldande fordelingsnøkkel seier at kostnadene til IKTNH skal fordelast mellom kommunane med 27,4% som ein lik del pr kommune, og 72,6% som variabel del etter folketalet. Endringar i folketalet gir berre mindre endringar i den økonomiske fordelinga mellom kommunane.

Dei samla driftskostnadene som skal dekkast av kommunane for 2024 er etter budsjettet kr 56.737.260.

Tilskot ordinær drift IKTNH er kostnadene ved driftsorganisasjonen, det vil seia tilsette, lokale og utstyr, bilar og sentral IKT-grunnstruktur, inkl serverar, sentralt nettverksutstyr og tilhøyrande lisenskostnader. Frå budsjett 2023 til budsjett 2024 er det lagt opp til å auka overføringa med om lag 1,4 mill.

Lønskostnadene syner samla ein auke på 1,9 mill, som svarar til 11,8% frå budsjett 2023 til budsjett 2024. I budsjettet for 2023 var det lagt til grunn ein lønsvekst på 2,5% frå 1.5.2023. Resultatet av forhandlingane kan verta om lag 5,5% lønsauke. I tillegg kjem påreknna lønsvekst i 2024, som vi har estimert til 3% pr 1.5.2024. Samla lønsvekst frå budsjett 2023 til budsjett 2024, som skuldast sentrale og lokale lønsoppgjjer utgjer om lag kr 1,3 mill.

I tillegg kjem verknaden av at IKTNH har innført ei fast vaktordning frå april 2023. Denne ordninga fører med seg ein samla lønsauke på om lag kr 600.000, pluss sosiale kostnader.

Kostnadene til pensjonsordning for alle tilsette ligg framleis lågare enn «normalt», grunna bruk av premiefond til delbetaling av premie. Denne verknaden vil også gjelda for 2025, men frå 2026 aukar kostnaden. Bruk av premiefond utgjer om lag kr 420.000 pr år. KLP har varsla sterkare auke i pensjonspremien enn tidlegare føresett, grunna høgare generell lønsvekst.

I 2023 er det etablert nytt system for sikkerheitskopiering, der heile kostnaden vert bokført i investeringsrekneskapen. Det kjem ingen ytterlegare lisenskostnader eller andre direkte driftskostnader knytt til denne løysinga dei neste seks åra.

Det er også inngått avtale med Telenor om drift av ei såkalla MDR-løysing, som på ein kontrollert måte skal oppdaga og respondera på hendingar som skjer i datanettverket vårt. Kostnaden ved drift av løysinga er teken inn med full verknad basert på avtala omfang frå 2024.

Begge desse to systema vil krevja auka bruk av personellressursar i IKTNH. Noko av dette løyser ein gjennom omorganisering og kompetanseendring i organisasjonen, medan oppfølging av MDR-løysinga krev ei heildøgns vaktordning, jf avsnittet ovanfor knytt til lønskostnader.

Det er lagt inn noko auka kostnader til husleige for IKTNH. Dette er knytt til to ny kontor i Hagellia, pluss auka felleskostnader i bygget. Med fleire kommunar på veg inn i samarbeidet, og fleire som uttrykkjer interesse, vil vi ikkje koma utanom trong for meir plass. Det er gjort vurderingar av å utvida tal kontor i eksisterande lokale i tillegg til at fleire andre lokalitetar også er vurdert. Det er ikkje trekt nokon endeleg konklusjon kring dette, og i budsjettssamanheng legg vi til grunn at meirinntekter frå nye kommunar vil dekkja opp meirkostnader til husleige.

Lisenskostnader knytt til drift IKTNH er dels sentrale serverar, databaseserverar, brannmurar og dels lisens for dataprogram mv. som IKTNH nyttar til «eiga drift» går noko ned frå budsjett 2023 til 2024. Dette skuldast først og fremst at backup-løysinga har minimal kostnad i drifta. I tillegg vert brannmurløysinga fornya i 2023, med kjøp av oppdatert maskinvare og programvare frå noverande leverandør, der kostnaden vert ført i investeringsrekneskapen. MDR-løysinga har og vorte rimelegare enn estimert i budsjett for 2023.

Leigekostnader til sentral serverløysing går ned med om lag 900.000,- som følgje av leasingavtalar som går ut i løpet av 2023/24. Her vert det ytterlegare reduksjon i 2025. Basert på noverande driftsomfang vil truleg serverløysinga vera tilstrekkeleg i fleire år framover, utan kjøp av nytt utstyr.

Kommunevariabel overføring gjeld kostnader som er direkte knytt til kommunane, medrekna ressursar til felles innkjøp og prosjekt. Dette er såleis kostnader som i all hovudsak er initiert gjennom DIR eller direkte frå kommunane.

Det er budsjettert lisenskostnader for ei rekkje ulike datasystem og verktøy som kommunane er med på og nyttar i ulik grad, med samla kostnad om lag 22,5 mill. Lisenskostnader åleine aukar netto med om lag 4,3 mill samanlikna med budsjett 2023. Dette skuldast i stor grad nye løysingar som er gjennom prosjektfasen, og skal fasast inn i drifta, men også oppgraderingar og utvidingar av eksisterande system. I samarbeid med DI er det utarbeidd ein detaljert spesifisering over alle lisenskostnader mv, og fordelinga mellom kommunane. Spesifisert oversyn vert sendt ut til kommunane straks styret har godkjent budsjettframlegget, og det vert halde eige orienteringsmøte for IT-kontaktane om dette.

I tillegg til lisenskostnader mv. er det budsjettert kostnader til drift av felles telefoniløysing, felles fiber, internett og trådlause nett. Her aukar kostnaden med om lag kr 220.000 samanlikna med budsjett 2023. Dette skuldast fleire tilhøve, ma. at kostnaden til Norsk helsenett no inngår i budsjettet frå IKTNH. Vidare er det gjort endring for datakostnader knytt til velferdsteknologi, der vesentlege datamengder inngår i ein

felles «datapool». Inntil no har kvar kommune fått faktura på denne databruken, men ved bruk av felles datapool sparar kommunane inn 40-50.000 pr år.

Netto inntekter frå eksterne, medrekna DIR, er budsjettert til om lag 1,5 mill. Av dette vert 1,4 mill nytta til å redusera kommunane si innbetaling til IKTNH.

Samla sett syner budsjettet for IKTNH eit netto driftsresultat på kr 141.000. I praksis er dette eit tilnærma null-resultat.

Det er ikkje lagt opp til noka endring av fordelingstalet fast/variabelt, som no er 27,4% fordelt med lik sum pr kommune og 72,6% fordelt etter folketal.

Andre føresetnader for styrevedtak:

Tilskot til ordinær drift vert gjort etter folketalet pr 1.1.2023. Fordelinga av driftsvariable kostnader vert gjort på grunnlag av folketal 1.1.2023 og driftsvariable nøkkeltal. Det vert såleis ikkje justering av tilskot som følgje av nye innbyggjartal pr 1.1.2024. Den økonomiske fordelingsnøkkelen mellom kommunane vert endeleg fastsett av representantskapet.

Mogelege meir/mindre inntekter/utgifter i driftsåret vert ikkje avrekna løpande, men inngår i framtidige årsbudsjett. Dette gjeld likevel ikkje bestillingar kommunane har gjort utanom IKTNH sitt ordinære driftsbudsjett.

Budsjett drift IKTNH 2024	Økonomiplan 2024-27					
	R 2022	B 2023	B 2024	B 2025	B 2026	B 2027
Hovudoversyn						
Overføring ord. drift IKTNH frå delt.kon	63 091 882	30 404 000	31 816 000	30 849 000	30 930 000	30 929 000
Driftsvariabel overføring frå delt.komm		21 468 000	24 938 000	26 625 000	27 456 000	27 621 000
Avgiftspliktige salsinntekter	7 534 935	2 600 000	2 600 000	2 600 000	2 600 000	2 600 000
Andre inntekter/refusjonar		8 254 000	8 727 000	8 441 000	8 416 000	8 416 000
Sum inntekter	70 626 817	62 726 000	68 081 000	68 515 000	69 402 000	69 566 000
Lønsutgifter	17 648 641	16 432 000	18 378 000	18 378 000	18 378 000	18 378 000
Sosiale utgifter	3 753 111	3 896 000	4 673 000	4 868 000	5 063 000	5 063 000
Kjøp av varer og tenester	38 505 776	33 990 000	36 212 000	36 737 000	37 454 000	37 618 000
Overføringar og tilskot til andre	8 285 166	8 249 000	8 677 000	8 391 000	8 366 000	8 366 000
Avskrivningar	644 393	1 044 000	1 505 000	1 505 000	1 505 000	1 505 000
Sum driftsutgifter	68 837 087	63 611 000	69 445 000	69 879 000	70 766 000	70 930 000
Brutto driftsresultat	1 789 730	(885 000)	(1 364 000)	(1 364 000)	(1 364 000)	(1 364 000)
Renteinntekter	233 258	-	-	-	-	-
Rentutgifter	1 322	-	-	-	-	-
Avdrag på lån	-	-	-	-	-	-
Netto finanspostar	231 936	-	-	-	-	-
Motpost avskrivningar	644 393	1 044 000	1 505 000	1 505 000	1 505 000	1 505 000
Netto driftsresultat	2 666 059	159 000	141 000	141 000	141 000	141 000
Avsett til disposisjonsfond	2 666 059	159 000	141 000	141 000	141 000	141 000
Bruk av disposisjonsfond	-	-	-	-	-	-
Netto	-	-	-	-	-	-

Overføring spesifisert pr deltakarkommune						
Tilskot ordinær drift IKTNH	R 2022	B 2023	B 2024	Endr 23 - 24	Andel 2024	Endring kr
4631 Alver	11 225 028	11 872 299	12 477 428	5,10 %	39,22 %	605 128
4641 Aurland	1 135 000	1 420 636	1 485 714	4,58 %	4,67 %	65 078
4625 Austevoll	2 628 840	2 741 601	2 861 192	4,36 %	8,99 %	119 591
4632 Austrheim	1 782 304	1 842 428	1 907 886	3,55 %	6,00 %	65 458
4633 Fedje	938 244	945 884	992 854	4,97 %	3,12 %	46 970
4635 Gulen	1 549 277	1 594 911	1 662 628	4,25 %	5,23 %	67 717
4634 Masfjorden	1 336 760	1 369 179	1 438 459	5,06 %	4,52 %	69 280
4629 Modalen	894 397	899 311	940 912	4,63 %	2,96 %	41 602
4630 Osterøy	3 635 913	3 811 294	3 976 180	4,33 %	12,50 %	164 886
4623 Samnanger	1 645 105	1 696 697	1 766 902	4,14 %	5,55 %	70 204
4628 Vaksdal	2 128 132	2 209 759	2 305 845	4,35 %	7,25 %	96 086
Sum ordinær drift	28 899 000	30 404 000	31 816 000	4,64 %	100,00 %	1 412 000
Kommunevariabel overføring						
						Endring kr
4631 Alver	8 454 380	8 817 952	9 787 527	11,00 %	41,02 %	969 575
4641 Aurland	225 000	294 482	990 319	236,29 %	1,37 %	695 838
4625 Austevoll	1 619 724	1 939 582	2 250 538	16,03 %	9,02 %	310 955
4632 Austrheim	1 294 361	1 408 979	1 538 427	9,19 %	6,56 %	129 448
4633 Fedje	655 509	691 169	756 551	9,46 %	3,22 %	65 382
4635 Gulen	877 181	984 982	1 284 649	30,42 %	4,58 %	299 668
4634 Masfjorden	976 081	1 030 187	1 159 488	12,55 %	4,79 %	129 301
4629 Modalen	631 274	684 524	756 949	10,58 %	3,18 %	72 424
4630 Osterøy	2 697 424	2 814 180	3 232 983	14,88 %	13,09 %	418 803
4623 Samnanger	925 178	1 108 801	1 336 685	20,55 %	5,16 %	227 884
4628 Vaksdal	1 646 233	1 719 618	1 827 144	6,25 %	8,00 %	107 527
Sum kommunevariabel overføring	20 002 345	21 494 456	24 921 260	15,94 %	100,00 %	3 426 804
Sum overføring	48 901 345	51 898 456	56 737 260	9,32 %		4 838 804

Investeringar

Planlagde investeringar i 2024 er knytt til ny brannmur og nye kjernesvitsjar.

Investeringar i økonomiplanperioden							
Prosjekt	R 2022	B 2023	B 2024	B 2025	B 2026	B 2027	
Utskifting bilar				1 200 000			
Generell IKT investering	2 308 633	2 000 000	2 000 000	2 000 000	2 000 000	2 000 000	
Sum investering	2 308 633	2 000 000	2 000 000	3 200 000	2 000 000	2 000 000	
Finansiering							
Overføring frå kommunane	2 093 859	2 000 000	2 000 000	2 800 000	2 000 000	2 000 000	
Sal av driftsmidlar				400 000			
Mva komp	487 318						
Sum finansiering	2 581 177	2 000 000	2 000 000	3 200 000	2 000 000	2 000 000	
Oversyn gjeld							
Restlån 1.1.	-	-	-	-	-	-	
Fastrente	-	-	-	-	-	-	
Nye lån	-	-	-	-	-	-	
Betalte avdrag	-	-	-	-	-	-	
Restlån 31.12.	-	-	-	-	-	-	
Investeringstilskot kommunefordelt							
	2022	2023	2024	2025	2026	2027	
Alver	804 647	784 349	784 349	1 098 089	784 349	784 349	
Aurland	93 860	93 394	93 394	130 752	93 394	93 394	
Austevoll	189 653	179 859	179 859	251 802	179 859	179 859	
Austrheim	127 901	119 933	119 933	167 906	119 933	119 933	
Fedje	68 219	62 412	62 412	87 377	62 412	62 412	
Gulen	112 872	104 515	104 515	146 321	104 515	104 515	
Masfjorden	97 229	90 424	90 424	126 593	90 424	90 424	
Modalen	64 410	59 147	59 147	82 806	59 147	59 147	
Osterøy	261 323	249 948	249 948	349 928	249 948	249 948	
Samnanger	118 802	111 070	111 070	155 498	111 070	111 070	
Vaksdal	154 943	144 949	144 949	202 928	144 949	144 949	
SUM	2 093 859	2 000 000	2 000 000	2 800 000	2 000 000	2 000 000	
Tilskot til investeringar kan finansierast gjennom kommunen sin investeringsrekneskap.							